



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret		
Eldrerådet	08.12.2014	014/14
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	08.12.2014	013/14
Formannskapet	11.12.2014	108/14

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Reidar Sandviknes	FE-140	14/427

## Kommuneplan 2015 - 2027 - Planprogram arealdel - Offentleg ettersyn

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	24.09.2014	Isak Stave	Innspel til arealdelen
2	I	07.10.2014	Atle Hustad	Innspel til arealdelen
4	I	02.12.2014	Reidar Sandviknes	Vedlegg

### Vedlegg i saka

Planprogram fo

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
02.12.2014	Forslag - Planprogram Areal del 24.11.14.docx	61093
16.12.2014	Oppdatert den 11.12.14	61378

r kommuneplanen sin arealdel 2015-2023

### Saka gjeld

Etter plan- og bygningslova §11-1 skal kommunen ha ein samla kommuneplan som omfattar ein samfunnsdel med handlingsdel og ein arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver. Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode (første gong i 2012) vedta ein kommunal planstrategi.

Kommunestyret har i sak 83/12, vedteke overordna planstrategi for perioden 2012 – 2016. Her går det fram at samfunnsplan og arealdel skal prioriterast i denne perioden.

## **Framlegg til ny samfunnsplan vert lagt ut til offentleg høyring desember 2014.**

Samfunnsdelen gjev overordna føringar for innhaldet i arealdelen.

Rammene for planarbeidet vert klargjort i planprogrammet. Dette inneber føremålet med planarbeidet, planprosessen og opplegget for medverknad. Det skal m.a gjevast informasjon om korleis ein kan medverke i planarbeidet og danne grunnlag for ein open planprosess.

### **Opplysningar til saka**

#### **Planprosess**

Prosessar i kommuneplanarbeid er svært omfattande og kan strekke ut i tid. Ein bør difor legge vekt på hovudrammer i planprogrammet, noko som opnar for fleksibilitet og tilpassing undervegs etter nærare behov i planprosessen.

Utlegging av planprogrammet og varsel om oppstart av arealdelen, vil skje samstundes med at samfunnsdelen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Administrasjonen har utarbeidd framlegg til planprogram for kommuneplanen sin arealdel i samsvar med PLBL §11-13.

**Første innspel /arealkonsekvensar til planprogrammet til arealdelen vart samla inn som ein del av planprosessen til samfunnsdelen og har vore ein del av bakgrunnen for framlegget til planprogram.**

Planprogrammet skal leggja til rette for ein god planprosess, og skapa best mulege rammer for arbeidet, og gjere greie for:

- føremålet med planarbeidet
- planprosessen – deltakarar, fristar
- opplegg for medverknad
- skildring av evt. alternativ som vert vurdert
- behov for utgreiingar – spesielt i høve til forskrift om konsekvensutgreiingar
- Planprogrammet skal leggjast ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker og deretter fastsetjast av kommunestyret.

I perioden planprogrammet er utlagt til offentleg ettersyn, skal innspel til nytt arealbruk sendast til kommunen. **I denne perioden vert det halde krinsmøter.** Vi kjem tilbake med opplegg, tid og stad. Medverknad er svært viktig for å få ei lokal forankring i planen, at alle interesser får muligheit til å bli høyrte og at det vert ein offentleg debatt. Det er viktig å ha felles forståing for dei vedtaka som må på plass for å få ein god og framtidsretta plan som legg til rette for utvikling og aktivitet. Likeeins forståing for dei områda som av ulike grunnar skal vernast og ikkje byggjast ut.

I samme periode vil vi invitere **planforum** til drøfting og avklaringar, som er viktig å ta med på eit tidleg tidspunkt.

Administrasjonen vil utarbeide to skjema som skal nyttast for å senda inn innspel. Det eine skjemaet er for konkrete utbyggingsframlegg, det andre er for generelle innspel om korleis areala i kommunen kan leggjast til rette for at Selje skal vere ei attraktiv kommune å busetje seg i.

Kommunestyret skal (jfr PLBL §11-13) ta stilling til planprogrammet og då avgjera kva område som skal konsekvensutgreiast og handsamast i framlegg til arealdel.

#### **Framdrifta:**

For å sikra at planprosessen kan fullførast etter tidsplanen må det setjast klare kriterium for kva type arealinnspele som skal takast inn i planen. Dette er også viktig for å ikkje bruka opp ressursar på å konsekvensutgreie mange fleire arealinnspele enn dei ein meiner det er dokumentert behov for å ta inn i planen.

I planprogrammet har vi vidareført samfunnsdelen sine tema:

Leve og bu, Helse og omsorg, Oppvekst, Næring og kultur, Samferdsel og kommunikasjon.

Administrasjonen rår til at det ikkje blir opna for andre arealinnspele enn slike som kan knytast til desse. Ved tvilstilfelle skal spørsmålet avgjerast av styringsgruppa.

#### **Ressursar/kostnader:**

Vi har sett på kostnader på denne type arbeid i andre kommunar. Med dette som utgangspunkt må vi rekne med ein ressursinnsats i Selje kommune på ca. 1 årsverk.

Vi prøver å ta så mykje som mulig innanfor egne ressursar, men vi har ikkje kapasitet eller kompetanse til å utføre alle oppgåver. Vi må kjøpe tenester; m.a. innanfor konsekvensutgreiing og kartteikning.

I ROS analysen vil vi bruke opplegg frå pågåande interkommunalt prosjekt, men det er mulig at vi må kjøpe noko i tillegg.

Vi har målsetjing om å få arealdelen vedteken innan oktober 2015.

#### **Prosjektleiing:**

Kommuneplanen sin arealdel skal gjennomførast som eit prosjektarbeid og vi har forslag om å vidareføre strukturen som vart fastsett i F-sak 89/13( 25.09.2013). Det er ein del utskiftingar på grunn av omrokkingar i den administrative staben, men strukturen er uendra.

Prosjekteigar : Kommunestyret  
Styringsgruppe : Formannskapet – kan utvidast med representantar frå parti som ikkje er med i formannskapet, men berre formannskapet som planutval, kan gjere formelle vedtak.  
Prosjektansvarleg: Rådmann  
Prosjektleiar:

Prosjektgruppe: Bør vere samansett av tilsette på plan og utvikling og andre i organisasjonen som er direkte involvert i planarbeidet.

I tillegg må vi ha arbeidsgrupper

**Lover/regelverk:** Plan og bygningslova

#### **Finansiering**

I konsekvensjustert budsjett 2015 er det forslag om kr. 400.000 til føremålet – til kjøp av tenester. I samband med kommunestyresak om endeleg planprogram, vil vi legge fram spesifisert prosjektbudsjett.

## **Konklusjon**

### **Saksgang**

Formannskapet gjer vedtak om utlegging til offentleg ettersyn.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

1. I medhald av reglane i §11-12 i Plan og bygningslova kunngjer Selje kommune oppstart av arbeidet med Kommuneplanen sin arealdel.
2. I medhald av reglane i § 11-13 i Plan- og bygningslova, vert framlegg til planprogram for Kommuneplanen sin arealdel, lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring til overordna planfaglege myndigheiter.
3. Rådmannen oppnemner prosjektleiar, prosjektgrupper og arbeidsgrupper.

### **Handsaming i Eldrerådet - 08.12.2014**

4 voterande

#### **Framlegg frå Eldrerådet:**

Som tilråding frå administrasjonen med tillegg i pkt. 2 og som fylgjer: :

I medhald av reglane i § 11-13 i Plan- og bygningslova, vert framlegg til planprogram for Kommuneplanen sin arealdel, lagt ut til offentleg ettersyn 15.12.14 – 31.01.15 og sendt på høyring til overordna planfaglege myndigheiter.

#### **Røysting:**

Framlegg frå Eldrerådet fekk 4 røyster for. Samrøystes.

#### **ELD-014/14 VEDTAK**

Som framlegget frå Eldrerådet.

### **Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 08.12.2014**

3 voterande

**Framlegg frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:**

Som tilråding frå administrasjonen med tillegg i pkt.2 og som fylgjer:

I medhald av reglane i § 11-13 i Plan- og bygningslova, vert framlegg til planprogram for Kommuneplanen sin arealdel, lagt ut til offentleg ettersyn 15.12.14 – 31.01.15 og sendt på høyring til overordna planfaglege myndigheiter.

**Røysting:**

Som framlegg frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Samrøystes.

**RFF-013/14 VEDTAK**

Som framlegg frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Handsaming i Formannskapet - 11.12.2014**

7 voterande

**Merknad frå Formannskapet:**

Planprogram s. 4 – Kommunale planar:

Ta med Strategisk næringplan

Pkt. 3 s.5 – Leve og bu:

Ta bort setninga «Unngå utbygging nær strender»

Pkt. 3 s. 5 – Næring og kultur:

Legge til rette for areal for nydyrking og maritim næring og havbruk

**Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen (m/tilføya høyringstidspunkt), (m/merknad) fekk 7 røyster for. Samrøystes.

**FS-108/14 VEDTAK**

I medhald av reglane i § 11-13 i Plan- og bygningslova, vert framlegg til planprogram for Kommuneplanen sin arealdel, lagt ut til offentleg ettersyn 15.12.14 – 31.01.15 og sendt på høyring til overordna planfaglege myndigheiter.

Samrøystes.

Utskrift til:

Sakshandsamar oppdaterer planprogram og legg ut til høyring.

